



Bygg Prosjekt As  
Fantoftvegen 16  
5072 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/979 - 17/220

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
03.01.2017

## Mellombels bruksløyve for fellesgarasje under bustad 41 - 43 - gbnr 134/471 Hilland

### Administrativt vedtak. Saknr: 003/17

**Tiltakshavar:** Alversund Utvikling As

**Ansvarleg søkjar:** Bygg Prosjekt As

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26,04,2016 handsama som sak 217/16.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att innanfor den delen av tiltaket det er søkt om mellombels bruksløyve for:

Gjenstående arbeider av mindre vesentlig betydning, innenfor den delen av tiltaket det søkes om midlertidig brukstillatelse for, er følgende: Asfaltering vil bli utført i uke 50  
Resterende deler av tiltaket, hvor det her ikke søkes om midlertidig brukstillatelse, er følgende: Oppføring av rekkehus med 3 enheter og tilhørende installasjoner og anlegg

Mellombels bruksløyve gjeld garasjeanlegget.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.2017

Det vert elles vist til søknad motteken 15.12.2016

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket i samsvar med søknaden, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.



**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for godkjent fellesgarasje under bustad 41, 42 og 43 (gbnr. 134 bnr. 496, 497 og 498) på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: garasjeanlegget
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.12.2017.

**Bortfall av mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/979

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alversund Utvikling As	Fagernes 4	5043	BERGEN
------------------------	------------	------	--------

**Mottakarar:**

Bygg Prosjekt As	Fantoftvegen 16	5072	BERGEN
------------------	-----------------	------	--------